

Vedlegg til møteprotokoll Stranda kontrollutval, 18. september 2023,  
sak 21/23.

## Oppsummering/evaluering av perioden 2019-2023 for Stranda kontrollutval.

Med bakgrunn i Stranda kontrollutval sit siste møte i perioden og med referanse til eiga sak (21/23) fekk sekretariatet i oppdrag å skrive ned dei synspunkta som kom fram i diskusjonen. Både konstituert kommunedirektør og oppdragsansvarleg revisor deltok i diskusjonen og kom med innspel til framtidig arbeide i Stranda kontrollutval. Referatet frå diskusjonen vil ligge som vedlegg til møteprotokollen og bli lagt fram som eigen melding til det nye kontrollutvalet i Stranda på deira fyrste møte hausten 2023.

Stranda kontrollutval er tydeleg på at kurs og kompetanse for utvalet sine medlemmar er viktig for å forstå rolla si. Det kan tidvis være vanskeleg å sette seg inn i sakene med mykje nye uttrykk og ukjent språk. Mykje av stoffet frå kommunerevisjonen er komplisert og krev innsikt i ukjende tema. Det er også viktig at revisjonen bruker tid på å forklare «fagspråk» og gjere det forståeleg. Opplæringa må kome tidleg i perioden og være i tillegg til den opplæringa kommunestyret får.

Kontrollutvalet ynskjer å være et aktivt organ og det er viktig at sekretariatet forklarer dei områda kontrollutvalet skal arbeide innafor. Stranda kontrollutval vil framheve leiars rolle som ein god kontakt mellom kontrollutvalet og kommunestyret. Å være tilgjengeleg for kommunestyret og kunne framsnakke kontrollutvalet si rolle er viktig. Fleire medlemmer peika på rolleforståing og samhandling både med ordførar og administrasjon i møta. Kontrollutvalet meiner det kan være lurt å avklare behov og forventninga ein har til ordføraren deltaking. Kontrollutvalet er kjend med at ordførar har både møte- og talerett i kontrollutvalet.

Utvalet er godt fornøgd med at administrasjonen ved fleire høve har gitt orienteringar i tråd med ynskja frå utvalet. Administrasjonen har sett på kontrollutvalet som noko «perifert» tidlegare og er glade for å få tydelege bestillingar på kva dei skal levere.

Kommunestyret sin oppfatning og kjennskap til kontrollutvalet må styrkast. Det er nok slik at røynde representantar kjenner utvalet men nye medlemmar av kommunestyret har nok ikkje same forståing av kontrollutvalet sin funksjon. Her har leiar av kontrollutvalet ein viktig funksjon som bindeledd mellom kommunestyre og kontrollutval.

Stranda kontrollutval i perioden 2019-2023 ynskjer å takke ordførar, kommunedirektør, kommunerevisjonen og sekretariatet for godt samarbeide.